ORDNING FOR

# Vigsling av misjonær

Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja

---

## Orientering

1. Denne ordninga vert bruka ved vigsling til teneste som misjonær i kyrkja vår.
2. Vigslinga går føre seg i ei gudsteneste under synode-/presbyteriemøte, stemne eller i ein lokal kyrkjelyd.
3. **L** liturg, og leiar av vigslinga, er ein av tilsynsmennene i kyrkja. **L** og den eller dei som skal vigslast **M**. og dei som assisterer ved handlinga, tek plass fremst i kyrkja når handlinga tek til.
4. *Kursivering* vil seia at liturgen skal tilpassa orda til den aktuelle situasjonen med omsyn til kjønn og tal, for eksempel han / ho, han / henne, det / dei / osv.
5. Salmar: Lovsongar til Gud som skapar, Kristus som frelsar og Den heilage ande som rettleiar, bønerop, lovprisingsvers, forkynnande songar og åndelege viser. Desse vert fyrst og fremst framført av kyrkjelyden i fellesskap, men kan òg bli sunge av kor/korgrupper, solistar o.a. Salmen skal understreka den bibelske karakteren i den kyrkjelege handlinga og hjelpa dei frammøtte til å tru Guds ord og vilje.

## 1 Salme

Handlinga tek til med ein passande salme/ song. Dei som skal ta del, tek plass framme.

## 2 Presentasjon og bøn

Her kan ein seia:

**L** Kjære kyrkjelyd.
Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

**L** Ein ny arbeidar vert i dag framstilt for dykk. Kyrkja har kalla (namn) til teneste som *misjonær.*

Den som skal vigslast, reiser seg når namnet vert nemnt.

**L** I dag skal *denne medarbeidaren* vigslast til teneste under handspålegging og bøn.

Her kan ein be:

**L** Lat oss be.
Evige, miskunnsame Gud, du som kan bruka veike og syndige menneske i di teneste, vi takkar deg fordi du har kalla oss til å tena deg med dei gåvene du gjev kvar einskild. Du har kalla oss til å vera lys og salt i verda og til å leva eit liv etter det førebiletet du sjølv gav, du som kom og var ein tenar mellom oss.
Vi bed for *henne/han* som nå skal vigslast til teneste som misjonær i …….............. Styrk *henne/han* ved din Ande og kraft, så *ho/han* kan tena deg med glede og vera tru mot sanninga i kjærleik. Hjelp *henne/han* til å leva verdig det kallet *ho/han* har fått, og gjev du frukt av gjerninga *hennar/hans*, deg til pris og ære.

Den som skal vigslast, set seg.

## 3 Skriftlesing

**L** Lat oss høyra kva Guds ord seier om kallet til tenesta.
To av følgjande tekstar vert lese av dei som assisterer.

**L** Det står skrive i
a) Matt 28,18-20
b) 1 Pet 2,9-10
c) 2 Kor 5,14- 20

Liturgen avsluttar skriftlesingane med:
Slik lyder Herrens ord.

## 4 Vigslingstale

Den som leier handlinga, held ein kort tale over ein passande tekst, gjerne ein av dei som er lese.

Etter talen går den som skal vigslast, fram. Dei som assisterer, reiser seg.

## 5 Formaning og påminning

**L** Jesus har lova å vera med tenarane sine alle dagar så lenge verda står. Han kallar dei til å forkynna Ordet klart og reint, søkja hans rike først og leva slik at trua verkar til kjærlege gjerningar.

**L** Når Herren no tiltrur *deg* ei teneste som misjonær, pålegg og formanar eg *deg*

– at *du* i vitnemål og sjelesorg legg fram Guds ord klart og reint
– at *du* viser Kristi omsorg for livet og velferda til nesten din,
– at *du* skjøttar gjerninga di med truskap og held ut, så lenge Herren kallar deg til å tena der du skal dra,

– og at *du* sjølv legg vinn på å leva i bøn og studium av Guds heilage ord.

**L** Så spør eg *deg*:

Trur *du* at skriftene i Det gamle og Det nye testamentet er Guds ord og at dette Guds ord er den einaste regelen og rettesnora for tru, lære og liv?

**M** Ja

Sluttar du deg til vedkjenningsskriftene til den lutherske kyrkja?

**M** Ja

Elskar *du* vår Herre Jesus? Elskar *du* samfunnet av dei heilage? Vil *du*, så langt Gud gjev deg nåde til det, arbeida for at Jesu Kristi kyrkje skal vera eitt, bli bygd opp og utbreidd og forkynna Guds ord reint til frelse for menneske?

**M** Ja

**L** Så gjev meg handa på det.
Den som skal vigslast, stadfester lovnaden med handslaget..

## 6 Handspålegging og bøn

**L** Vi vil nå be om at Gud ved sin Ande må helga og utrusta *deg* til tenesta.

Den som skal vigslast, knelar. Dei som deltek i forbøna, legg handa på hovudet hennar/hans og bed ei kort bøn kvar. Liturgen avsluttar med bøn, for eksempel:

**L** Miskunnsame Gud, himmelske Far. Vi takkar deg for den tenaren du har gjeve oss i *henne/han* som her knelar for ditt åsyn. Send *henne/han* din Ande med gåver til tenesta, så *ho/han* kan bli ein rett og god tenar der du no har kalla *henne/han*. Hjelp *henne/han* til å utføra tenesta med frimod, kjærleik og truskap og gjev *henne/han* visdom og klokskap i forvaltinga av oppdraget *ho/han* har fått. Ver med *henne/han* i motgang og prøvingar, gjer *henne/han* tolmodig og audmjuk og hjelp *henne/han* til å lita på deg under alle forhold. Gjev *henne/han* å tena deg slik at trua vert styrkt og menneske får hjelp av den gjerninga *ho/han* skal gjera.

**A** Vår Far i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,
slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt,
og makta og æra i all æve.
Amen.

Den som er vigsla, reiser seg.

## 7 Framstilling og formaning til kyrkjelyden

**L** Kjære kyrkjelyd.
Då framstiller eg (namn) som vigsla til teneste som *misjonær.*
Tak imot *henne/han* i kjærleik og be for tenesta. *hennar/hans.*

## 8 Salme

## 9 Preike/helsing av den som er vigsla

## 10 Salme